

XV (W)
Nelson

[Serpent or Den frigjorte mytologien VIII.
oslo 924]

TORLEIV HANNAAS
Nynorsk Boksamling



Tale

ved avdukingi av minnesmerket for Knute
Nelson på Evanger sundag 6. Juli 1924.

(Av Lars Eskeland.)



Um Rakel, kona til Jakob, han som Israelsfolket er uppkalla etter, er det fortalt at ho sa: «Lat meg få born, elles so døyr eg!» Og Salomon syng for folket sitt:

«Sjá born er ei gáva frá Herren. Soin piler i kjempehand, soleis er ungdoms söner.»

Heile soga vår både i uppgang og nedgang vitnar um at dette er rett: det er borni som er velsigningi for heimane og styrken og livsvoni for ætti.

Ein má dá hugsa at det ikkje berre er um á gjera at ætti aukar og folketalet veks. Det er ikkje noko velsigning i det, utan dei er *born*. Men barn er berre den som høyrer heimen sin til og er bunden til ætti si med livsæle band.

Difor má kvart land segja som Rakel: Lat meg få born, elles so døyr eg!

140555

Og med Salomon: Som piler i kjempehand, so-
leis er ungdoms søner.

Wergeland let Noreg segja:

Jeg ogsaa digitet har en gang.

Heimskringlas liv, det var min sang.

Jeg skrev min egen epopé.

Hver helt er deri en idé.

Jeg skrev med evighetens skrift;
med kongers daad og mænds bedrift.

Dét var borni som gjorde landet stort.

Men det er tider då me ikkje ser likt til
slike ungdoms søner som likjest piler i kjempehand.
Me saknar dei alle stader og for kvart eit steg.

I verste nedgangstidi vår skriv ein gjæv lærð
Bjørgvins-mann som heitte Absalon Pedersen:

«Derfor begynder nu her Norriges alderdom,
fordi hun blev så gammel, kold og ufrugtsommelig,
at hun ikke selv kunde føde kongebørn som skulde
være hendes regentere, og hendes adel, gode kjæm-
per og stridsmænd faldt hende fra.» — Ja, det er sant.
Det er nett det som er verste vanden i nedgangstidi,
at Noreg ikkje hev søner og dötter med ein barnehug
so sterk og klår og vaken, at mori kunde yngjast
uppatt i kvar ætt.

Og alt forferst.

Det hender at ein gard kjem i forfall. Det er vantrivnad både ute og inne, på bu og bering, på folk og fe. Men so skifter det um. Def veks upp ein son eller ei dotter som kjenner barnehugen frisk og levande i seg, og fær ikkje fred fyrr ætti er uppattreist og garden nyskipa.

Soleis gjekk det med Noreg og.

Ingen kann til fullnads skyna eller granska ut korleis ho kom, denne merkelege og forunderlege visningi som gjekk so langt at det stod um livet.

Men frá kvart eit blad i denne syrgjesoga er det som det ropar etter søner og dötter. Og endeleg snur det ein dag. Barnehugen er sterk og levande hjá folket.

Midt i verste våden syner det seg at Noreg, mor vår, er uppyngd, for ho hev ein framifrå flokk med ungdoms søner. Og dei er som piler i kjempehand.

Det som reiste Noreg uppatt, var den visdom og styrke folket átte, segjer Knute Nelson.

Hev ei folkemor noko sinn vorte uppattreist og framlyft av sin betre sonering og barneflokk enn alle dei som stig upp her i landet liksom solljose toppar og tindar — utigjenom heile det nittande hundradåret? Ein má tenkja på Hans Nilsen Hauge, Georg Sverdrup, Nikolai Wergeland, Kristian Magnus Fal-

sen, Wilh. Christie, W. A. Wexels, O. G. Ueland, H. Abel, Jonas Rein, Henrik Wergeland, P. A. Munch, Ole Bull, Ivar Aasen, Camilla Collett, Sofus Bugge, Johan Sverdrup, A. M. Schweigaard, Ole Vig, Johannes Steen, Henrik Ibsen, Bj. Bjørnson, Elias Blix, Chr. Bruun, Viggo Ullmann, Jonas Lie, Adolf Tidemann, Edv. Grieg, Arne Garborg, Fridtj. Nansen, Chr. Michelsen, og mange andre.

Inn i denne kjempeskaren og millom dei som rekk aller høgst og høyrer både Noregssoga og heimssoga til, står vassvøringen og vossen Knute Nelson med ein uvisnleig ærekrans um si kláre panna.

Det er som Noreg i si uppvakningstid ikkje hev råd til á ha sine gjævaste born heime. Sume lyt fara ut. Og dei kann tena henne med det og. Borni kann alltid tena mor si, anten dei er heime eller ute.

Beinveges kom Knute Nelson til aa tena eit anna land meir enn sitt eige. Og det er ikkje noko laust tilfelle at dette landet er Amerika.

Knute Nelson segjer at det gjekk so vel med fridomsverket vårt i 1814, fordi det var ein liten flokk på Eidsvoll som var uvanleg klárøygde og vidsynte og fedrelandshuga. Og grunnsetningane for eit godt folkestyre var levande i deim. England vart dá til noko hjelp for deim med si uskrivne grunn-

lov. Det beste skrivne grunnlovs-mynster gav Amerika deim.

Soleis møttest me med det store folkefridomslandet i vest — alt i fyrste stundi av den nye morgonen vår.

Difor helsar Henrik Wergeland Amerika i 1843
dá Ole Bull fór dit for fyrste gongen:

Thi hist vest, did du vil fly,
er min egen friheds kjerne
vokset i plataners ly,
baaret dit paa svanger sky.
Derfor gjerne
vilde jeg taknemlig sende
til dens fjerne
fosterland ved havets ende
herlig stjerne,
og av dem som hjemme brænde,
straaler ingen med ry.
₁

Han visste ikkje dá at Amerika skulde fagna Ole Bull betre enn noko anna land, og at han skulde koma til á kjenna seg heime der som ingen annan stad utanfor fedrelandet.

Og dá mange nordmenner ifrá midten av 20-ári i fyrre hundradåret tok til á leita etter ein ny heimstad, fordi det fall heller trøngt og vanskeleg á

slá seg fram for alle her heime, so sökte dei med ein gong yver til Amerika.

Dei fyrste utvandrarane var ifrá Stavanger-kan-ten. Men det var ikke lenge fyrr vossane kom med i denne rørsla. Folket i desse bygdene hev alle dagar, so langt som soga melder, vore både heimkjært og vidforugt. Ofte hev utvandringi til Amerika både herifrá og ifrá mange andre norske bygder vore so stor, at det ikkje hev vore fårelaust. Det hev stundom tétt seg mest som ei ny folkevandring. Og no bur det meir folk av norsk ætt i Sambandsstatane enn her heime i gamlelandet. Ei sovori blodtapping kunde ein mest ikkje tenkja seg at eit lite folk kunde tola. Men me hev tolta det. Ein av grunnane til det er, at me og hev fenge noko att. Dei pengane som er heimsende kann ein dá ikkje fyrst og fremst tenkja på. Men ein lyt serleg hugsa all den arbeidskveik og tankekveik sm hev fengt i folket vårt frá nybyggjarheimane og heile landet der vest.

Ingen kann gjera upp ein litande rekneskap med tap og vinning i samhøvet millom oss og Sambandsstatane. Men me veit berre at denne rekneskapen er den største som me hev med noko land i verdi no.

Og at det ikkje berre er me nordmenner som veit um dette, det hev me fenge klár stadfesting på, m. a. då president Roosevelt gjesta oss i 1910. Han totte at han stod pá heilag grunn her i landet, sa han,

fordi dette landet hadde gjeve han sjølv so mykje, og gjeve heimlandet hans so mykje frá dei eldste tider og til no, dá Amerika hadde fenge mange av sine aller beste borgarar herifrá.

Men av alle nordmenn som hev kome til Amerika og busett seg der, hev ingen vorte so umtykt, ingen gjort det nye landet sitt so stor ei tenesta og ingen vorte sessa so høgt og fyllt romet med so stor æra som Knute Nelson. Og ingen hev kasta slik glans attende over fedrelandet som han.

Det er sant som sagt er at heile livet hans var eit lysande eventyr, ja det er som dei mest folkekjære eventyri våre, dei um oskefisen som vann prinsessa og halve riket, skulde vore dikta nett um han.

Det var sanneleg ikkje spått um nokon lysande lagnad ved vogga hans. Det ság ut til alt anna. Mori stod áleine på berran bakke med vesle son sin, og ho laut arbeida og stræva hardt for á livberga seg og guten. Ho var jamgamal med fridomen vår, og det var den same uppgangsdrifti og dádkrafti både i henne og sonen, som me finn hjá dei hævaste og beste i folket vårt frá desse nyskapningstidene. Men me skynar korkje henne eller sonen utan me kjenner noko til heimbygdi deira.

Sjá pá denne bygdi, pá desse bøane og

bergi og lidene! Det er ein veldig styrke i det andlitet som landet vårt vender imot oss her. Men vene små dalsøkk og blide blømande engjar og lauvklædde liser smiler til oss innimillom berg-hamrane, og vatnet og elvane blinkar so livalt i solskinet.

Og fredelege ligg heimane her med gamal god dám yver seg frá dalbotnen og uppetter ufser og hjellar, til me ser dei som ørnereir for himmelsyni. Og so som landet er, soleis er folket, sterkt og upptamt til stridt arbeid, men med høglyfte tankar og varmt hjartelag. Med gleda fer dei ikkje frá bygdi, og når dei er utkomne, lengtar dei heim til gamle rendi. Og det er som heimbygdi fylgjer med dei, og stødt syner det seg at ættararven og minni frá desse heimane attmed steinute strender og millom fjellknausar er som uppkomor med den beste helsedrykk.

Ho var eit godt barn av folket sitt, mor til Knute Nelson, og frá sonen fell det ein stråleglans både yver henne og heimbygdi. Ingebjørg Halldorsdotter Kvilekvál heitte ho. Dá eg for nokre dagar sidan for fyrste gongen såg biletet av denne merkelege kvinna, totte eg det var som ho var stokki beint or landskapet me ser framfyre oss. Eit par uvanleg klare og gløgge augo lyser i eit andlit so

sterkt som det var av steinen skore, men mildt og varmt likevel. Her var både vit og vilje uvanleg mál. Men det var eit *mors-andlet*.

Og morsongen át Vinje var som skriven for Knute Nelson.

Du gamle mor! Du sliter arm,
so sveiten er som blod,
men endá er ditt hjarta varm.

Og du meg gav min sterke arm
og dette ville mod.

Du turka táror av mi kinn
so mang ein Herrens gong,
og kyssste meg som guten din
og bles meg uti barmen inn
min sigerfulle song.

Her me no stár hev Knute Kvilekvál —
eller Knute Nelson, som me no segjer, fare og labba
berfött so mang en sumardag, og gamle lensmann
Mugaas, som sitt her, bar han so tadt pá ryggen sin.
Kor merkeleg og dyr ei byrd dette var, kunde ikkje
sviva for nokon.

Heller var det so, at dei ottast ilt. For det
var sterkt liv i guten og ymse spikk gjorde han,
so folk sa med mori at ho mátte tukta han. Det er
hermt eit svar etter henne:

«Nár Várherre skulde tukta díko for kvar gong de forsjá díko, so vart da manga gongjer.»

At ho skyna seg pá á tukta, synte seg sidan. Men ho tukta ikkje i utid. Ho var klok. I so máte var ho reint namngjeti alt medan ho var her i heimbygdi. Ho kunde greida seg i alle vandemál. Ofte laut dei undra seg yver henne. Ein gong var ho i Eksingedalen i eit brudlaup. Ho dikta dá eit vers for kvart eit par som kom fram og drakk skautadrammen.

Ho hadde lese mykje, og eit framifrá minne hadde ho.

Livet hadde vori hardt for henne. Ho ság litig utkoma for seg og guten her heime. Og so bar det til Amerika. Modig var ho, og slit var ho ikkje redd. Og det kom vel med.

Dei stansa fyrst i Chikago. Der vart Ingebjørg gift med Nils Grjotland ifrá Voss, og etter stykfar sin kalla Knut seg Nelson. Dei reiste til Dane County i Wisconsin og rudde seg ein gard der, som dei kalla Tangen. Og so fekk vesle Knut eit nytt namn, fortalte han med venene sine då han var heime her. «Dei kalla meg Knut Utangen,» sa han. «Og det høyde no og,» la han til. Kipen føle vert ein god hest, segjer dei for eit gamalt ord.

Mori var fyrste læraren hans. So kom han på skule. Dá han melde seg inn, sa han til læraren

at han skulde gjerne både sopa golvet og leggja i ovnen, berre han fekk gá der. Og soleis vart det. Ofte var han heime og hjelpte mori til á stjorna kyrne og. Det var godt to i karen. Han var mors-barn. Og til skyldfolk og vener skreiv mori stødt um Knut sonen. Ho fekk etterkvart mykje á skriva um. Og pá timen han tok til á skriva heim, tala han alltid um mori. Dei samforst vel, dei two.

God mor, god son.

I helsingdiktet som Wergeland sende til Amerika med Ole Bull, det som eg nemnde i stad, gløynde han ikkje negerslavane. Bull måtte spela, so slavelekkjone datt av, sa han. Ole Bull gjorde visst sitt beste i so måte. Men det var meir enn dei underfulle tonane hans makta. Det måtte krig til. Og det er til æra for nordmennene at dei var merkeleg mannjamt med i denne fridomskriga. Og Knute Nelson kasta bökene sine og gjekk med. Mor hans var glad for det. Um ho hadde átt ti söner, vilde ho gjerne sendt dei i striden for denne gode saki, sa ho. Nelson steig til korporal, men vart såra og fanga.

Dá so krigen var ende med den utgang som han ynskte, tok Knute Nelson til aa lesa att. Det gjekk vel. Og han vart sakførar. Både for dug-

leik og heider vart han snart kjend, og arbeidet auka.

So kom han inn i politikken. Og eventyret tek til for álvor. Alt i 1868 vart han vald inn i tinget for Wisconsin, og nokre år etter, då han var 32 år gamal, vart han tingmann i Minnesota. Ikkje lenge etter vart han vald inn i kongressen for Sambandsstatane. Og då han var femti år, vart han guvernør i Minnesota, fyrstemannen i eit større rike enn Noreg, med mykje meir makt og andsvar enn kongen hev hjá oss. Guvernøren vert vald av folket i staten. So gjekk det berre nokre år att, til han nådde det høgste ein mann som ikkje er fødd i Amerika kann nå der: han vart vald inn i senatet for Sambandsstatane. Og han vart stødt uppattvaid, siste gongen var det ingen som tevla med han so grunnfest var tilliti han hadde vunne. —

For 10—12 år sidan var det ein gjæv trøndergut som kom frå Amerika til Voss Folkehøgskule. Ein dag fortalte han noko um ferdi si, på skulen. Han hadde vore i Washington og. «Kapitolet totte eg var det likaste,» sa han. «Eg fekk koma inn i senatet. Det er varapresidenten i Sambandsstatane som er møtestyrar der. Men eg såg med ein gong at det ikkje var han som sat i høgsætet. Eg spurde dørvakti kven det var. «Knute Nelson fraa Minnesota,» sa han. Der sat vossingen og var ordstyrar i

senatet. So høgt var han komen. «Ja, du er nordmann du, og det er eg og, tenkte eg med eg sjølv, eg var ikkje liten kar der eg sat,» sa han.

Ingen mann frá Nordland hev ei só lysande soga i Amerika. Og då han døydde, fekk han det ettermalet, at heile ret store amerikanske folket hadde høyrt vel etter når han tala, fordi alle visste at han var ein av dei visaste og beste menn dei átte, ein israelit som det ikkje var svik i, ein mann so veldig, at berre få var hans likemenn i heile samtid. So gjævt var livsverket hans, at det aldri kunde gløymast. Folket i Sambandsstatane måtte setja han millom dei gjævaste menn i sin store minnehall.

Og heimbygdi hans, og heile Noreg var med i sorgi. Two folk på báe sidor av heimshavet lutte seg yver gravi hans med takk og velsigning.

Evanger, Voss, Noreg! Han var ein av dine søner. Og han visste at han var det, og vilde vera det. Difor er takki vår idag so inderleg. Me takkar den avlidne stormannen, og me takkar Gud for livsverket. Det siste er i samhøve med heile livet og tenkjemáten hans. For han sette sitt liv i Guds hand, og vilde leggja sitt yrke inn under hans vilje.

Og so vender me oss med takk til det store folket som tok so vyrdeleg og gjestmildt imot denne vossaguten, og gav han det yrket han var so merkeleg skikka til, og den heider han fortente.

I eit brev som Knute Nelson skreiv til Noreg i 1914, til hundradársminne um Eidsvolls-verket, talar han um dei som er burtfarne frá heimlandet vårt til Amerika. Noreg hev alltid havt ein varm plass i hugen deira, segjer han, og dei hev fylgt framstegi her heime med frygd og takk. For dei reiste ikkje frá mor si med hat i hjarta, som so mange frá andre land, men med hjarta fullt av kjærleik, som berre feste seg endá betre i skilsmåsstundi. Dei hadde ei viking lengt ut yver dei høge fjelli, og Amerika tok imot dei med opne armar og gav deim full og heil barnierett. Og ei slik fagning og medferd fekk dei mykje førdi dei var fødde av ei so god og høgvyrð mor som Noreg.

«Our love for Norway has been the love of a good son for his mother, our love for America has been that of a good wife for her husband»: «Kjærleiken vår til Noreg hev vore som den kjærleiken ein god son ber til mor si, — kjærleiken vår til Amerika hev vore som den kjærleiken ei god kona ber til mannen sin.» Venare kann det ikkje segjast, Sann var han i alt. Han var sann i dette og.

Brevet var skrive på engelsk. Men so enda han det på vossamál og segjer: «Da æ godt á fá koma heim te ho mor — om da æ berre i ándæ — på slek ein dag so dan 17de mai 1914.»

At det var sonekjærleik han bar til heimbygdi

og fedrelandet, synte han i all si ferd millom barn-domsvener og nyvunne vener då han var her i 1899.

Ein forunderleg mann, sa dei pá hotellet her då han fôr: han tok oss alle um hjaarterøtene. Ein forunderleg mann, ein framifrá mann, sa alle som kom saman med han. Han var stor pá rette måten, naturleg, ein voss millom vossal, so fullt og heilt at eit hotell gjorde seg til spott og spe med á visa han til bords i skyss-gut-herbyrget i staden for i matsalen for gjestene — fordj han var i mál og framferd og utsyne som ein annan vossabonde. Og den som tok alt med høvisk ro og lét nárreskapen ha sin gang, det var han Knut, Vetlevossen, som nordmenn stundom kalla han i Amerika.

Han treivst framifrá i heimbygdi her, og var stolt yver at han tala vossamålet betre enn dei som heime hadde vore.

Han ynskte á koma att. Men det vart ikkje.

I siste brevet han skreiv til ein av venene sine, klaga han yver at hans eige ættartre kjem til á visnå ned med han.

Det er då med han som Vinje segjer når han liknar Storegut ihop med bylgja:

Men sist av den største bylgja vart fødd
frá rulling so breid og rund
den brotsjø som velter med kvite foss
og slær seg paa sanden sund.

Men livet hans er att, til eit ugløyande fyredøme for oss alle, og ikkje minst for ungdomen i ætt etter ætt i lange framtider.

Og difor vil eg no til slutt venda meg til ungdomen med den siste helsing me hev frá han. Han lét ille yver at ungdomen no kvidde seg for hardt arbeid, og serleg for kroppsarbeid. Både gutar og gjentor vilde berre ha lette postar og sitja og pritla med penn pá eit kontor eller kakka med ein skrive-maskin. Dei liklar ikkje det einfelde livet, og dei vil ikkje taka eit álvorleg tak. Slikt duger ikkje. Kvar ein vender seg er det bruk for iduge og tiltøke menn og kvinner, som ikkje kvider seg for á gjeva seg i kast med vanskane i eit daglegt yrke. Dersom han var ung att, vilde han taka til med gardsarbeid ute på landet, so som han gjorde det på timen han var retteleg arbeidsfør. Det arbeidet var i lengdi best, totte han.

Ungdom, høyр pá rádi hans!

Sambygdingar og landsmenn! Lat minnet hans leva, til velsigning for oss!

Lat duken falla, so me kann fá den fyrste manning av minnesmerket som dei hev reist her for Knute Nelson!

Lars Eskeland.